



Sjølvkost på feietenester

Fyresdal kommune
2017 :: 433006 -1

Forord

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentleg forvaltning. Vi samarbeider fagleg og administrativt med Buskerud kommunerevisjon IKS og Vestfold kommunerevisjon. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon ([RSK 001](#)).

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung, med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarlig.

Fyresdal kommune har fått følgjande rapportar om forvaltningsrevisjon sidan 2012:

- 731 010 Risikovurdering og internkontroll (2012)
- 750 011 Erfaringar med Vest-Telemark PPT – ei forundersøking (2013)
- 731 012 Læringar i kommunen (2014)
- 731 014 Gimle skule (2017)

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no, der du også kan lese meir om forvaltningsrevisjon generelt.

Innhald

Samandrag	iii
1 Innleiing	1
1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet.....	1
1.2 Problemstilling og revisjonskriterium	1
1.3 Avgrensing	2
1.4 Metode og kvalitetssikring.....	2
1.5 Høyring	2
2 Sjølvkost på feiging og tilsynstenester	3
2.1 Problemstilling	3
2.2 Revisjonskriterium.....	3
2.3 Fakta om sjølvkost på feietenester	3
2.4 Revisor si vurdering	5
3 Konklusjonar og tilrådingar	7
3.1 Konklusjonar	7
3.2 Tilrådingar.....	7
Litteratur og kjeldereferansar	8
Vedlegg	9
Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmannen	10
Vedlegg 2: Revisjonskriterium	11
Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring	16
Vedlegg 4: Sjølvkostkalkyle 2016	18

Foto framside: Leif Magne Flemmen/hytteavisen.no

Samandrag

Bestilling og bakgrunn

Rapporten er bestilt av kontrollutvalet i Fyresdal kommune i sak 23/16.

Rapporten omhandlar korleis kommunen handterer sjølvkostreglane for feie- og tilsynstenester.

Konklusjonar

Er kommunen si berekning av sjølvkost for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i 2016 i samsvar med reglar og retningslinjer?

Etter vår vurdering er sjølvkostberekninga delvis i samsvar med reglar og retningslinjer, men kommunen kan ikkje operere med framførbart underskot på feietenesta så lenge kommunestyret ikkje har vedtatt full kostnadsdekning.

Berekninga av direkte kostnader i sjølvkostkalkylen er i tråd med Rundskriv H-3/14 *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester.*

Kommunen gjer vurderingar av kva for indirekte kostnader som kan knytast til sjølvkostområdet. Etter vår vurdering er del av denne berekninga ikkje rett.

Bruk av framførbart underskot er ikkje i tråd med regelverket. Slikt underskot kan berre dekkast av framtidige overskott dersom gebyrområdet gjennom vedtak i kommunestyret ska ha full kostnadsdekning. Slikt vedtak har ikkje Fyresdal kommune.

Tilrådingar

Vi meiner at kommunen bør:

- ikkje ta med del av kostnadene til adm/førebygging i berekninga av indirekte kostnader for feietenestene.
- vurdere å gjere vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad sjølvkosttenesta skal ha slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskot skal handterast i framtida.
- slette framførbart underskot (memoriakonto) frå 2016

Skien, 18. oktober 2017

Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonen blei bestilt av kontrollutvalet i Fyresdal kommune 6. oktober 2016 i sak 23/16.

Vedtak

Kontrollutvalet ber Telemark kommunerevisjon IKS om å utføre ein forvaltningsrevisjon i selskap av Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS om kostnadsgrunnlaget og sjølvkost, i hht plan for selskapskontroll 2016-2019. Prosjektplan leggest fram i fyrste moglege møte.

Prosjektplanen blei vedteken i møte 1. desember 2016 (sak 29/16) der kontrollutvalet vedtok å ta med ei undersøking av Fyresdal kommune si prissetting av feie- og tilsynstenestene, i tillegg til kontrollen av kostnadsgrunnlaget frå Brannvernssamarbeidet.

Forvaltningsrevisjon av sjølvkost i Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS går fram av rapport 433 006 Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS - sjølvkost. Fokus i den rapporten er korleis selskapet handterer sjølvkost på feie og tilsynstenester som blir levert til eigarkommunane.

Denne rapporten omhandlar undersøkinga av korleis kommunen sjølv handterer sjølvkostreglane for feie- og tilsynstenester.

Heimel for forvaltningsrevisjon er gitt i kommunelovens § 77 nr. 4, jamfør forskrift om kontrollutval kapittel 5 og forskrift om revisjon kapitel 3.

1.2 Problemstilling og revisjonskriterium

Rapporten handlar om følgjande problemstilling:

Er kommunen si berekning av sjølvkost for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i 2016 i samsvar med reglar og retningsliner?

Revisjonskriteria¹ i denne forvaltningsrevisjonen er henta frå brann og eksplosjonsvernloven og forskrift til denne, samt Kommunal- og

¹ Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld innanfor det området vi skal undersøke.

Revisjonskriteria er grunnlaget for de analysar og vurderingar som revisjonen gjer og dei konklusjonane vi får. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere samsvar, avvik eller svakheiter.

moderniseringsdepartementet sine *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester*. Kriteria står i pkt. 2.2, og er nærmare omtala i vedlegg 2 til rapporten.

1.3 Avgrensing

Vi har undersøkt forholda i 2016.

Vi har ikkje undersøkt kvaliteten på tenestene.

I følge brann- og eksplosjonsvernlova er det op til kommunen korleis gebyra for den einskilde skal utformast. Dette har vi ikkje undersøkt nærare.

1.4 Metode og kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung hausten 2017. Oppdragsansvarleg er Kirsti Torbjørnson

For å undersøke korleis kommunen bereknar sjølvkost har vi sett på rekneskapstal, andre kommunale dokument, og innhenta informasjon frå personar i kommunen.

Metode og tiltak for kvalitetssikring er omtala nærmare i vedlegg 3 til rapporten.

1.5 Høyring

Utkast til rapport vart sendt på høyring til rådmannen 4. oktober 2017. Rådmannen sitt høyringsbrev ligg i vedlegg 1.

2 Sjølvkost på feiing og tilsynstenester

2.1 Problemstilling

Vi ser på denne problemstillinga:

Er kommunen si berekning av sjølvkost for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i 2016 i samsvar med reglar og retningslinjer?

2.2 Revisjonskriterium

Vi legg desse revisjonskriteria til grunn for våre vurderingar:

- *Dei direkte kostnadene i sjølvkostkalkylen skal vere lik kjøpesummen for tenestene levert av Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS.*
- *Kommunen skal vurdere og berekne kva for indirekte kostnader som høyrer til sjølvkosttenesta.*
- *Kommunen skal handtere overskot/underskot på sjølvkosttenesta i tråd med retningslinene (H-3/14).*
- *Kommunen skal bruke sjølvkostfond til å dekke underskot på sjølvkosttenesta innan fem år.*
- *Kommunen skal berekne kalkulatoriske renter på avsette fondsmidlar.*

2.3 Fakta om sjølvkost på feietenester

Dekningsgrad

Feiing og tilsyn i bygg er lovpålagd. Det er høve til å krevje full dekning frå innbyggjarane for den utgifta kommunen har med dette (sjølvkost), men ikkje meir enn det kommunen har av utgifter. Kommunen kan gjere vedtak om i kor stor grad gebyrinntektene frå innbyggjarane skal dekke kostnadene. Kostnader som ikkje blir dekkta av gebyra blir belasta kommunebudsjettet.

Frå økonomisjefen i kommunen får vi opplyst at det ikkje ligg føre vedtak som fastsett kva grad av kostnadsdekning kommunen skal ha på sjølvkostområdet feiing og tilsyn.

Kommunen har ikkje eigen forskrift om feiing og tilsyn. Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS utarbeider denne hausten (2017) framlegg til felles forskrift for alle eigarkommunane.

Fritidsbustader var fram til 2016 ikkje omfatta av lovkravet om regelmessig feiing og tilsyn, men det var høve for eigarar av fritidsbustader å tinge feiing mot å koste dette sjølv. Fyresdal kommune blei fakturert for to tilfelle av feiing på fritidsbustader i 2016. Vi får opplyst at dette ikkje var del av sjølvkostrekneskapen i 2016.

Frå 1. januar 2016 trådde ny forskrift om brannførebygging i kraft. Forskriften har føresegner om at hytter og fritidsbustader og skal være underlagt lovpålagt feiing og tilsyn frå brannvesenet. Forskriften seier også at feiing og tilsyn skal gjerast etter ei risikovurdering. Det er derfor ikkje bestemte tidsintervall som tidlegare. Det er feiaren som fastsett trongen ut ifrå faste kriterium. Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS opplyser at dei vil kome i gang med feiing av fritidsbustader i 2018.

Berekningsverktøy

Kommune brukar ikkje noko eige verktøy/programvare for berekning av sjølvkostområdet feiing.

Direkte kostnader

Fyresdal kommune har vald å inngå eit samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark om feie- og tilsynstenestene. Dette skjer gjennom Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS. I følgje rettleiaren for berekning av sjølvkost² er det slik at dersom tenesta blir kjøpt frå eit IKS vil kjøpsprisen inngå i kommunen sin sjølvkost som ein direkte kostnad.

Kjøpsprisen på feie- og tilsynstenester frå selskapet i 2016 var kr 368 025 og dette lagt inn som direkte kostnad for kommunen i sjølvkostkalkylen for feiing og tilsyn. i sjølvkostkalkylen er kjøpsprisen utan MVA .

Indirekte kostnader

Når kommunen sjølv står for administrative funksjonar, vil utgifter til dette være indirekte kostnader i sjølvkostkalkylen. Det er økonomisjef og tilsette på teknisk etat som vurderer kva for kostnader som skal vere med, og kor stor del som skal reknast som indirekte kostnader til den aktuelle tenesta. Kr 72 352 er sett opp som indirekte kostnader i sjølvkostkalkylen. Dette er i følgje økonomisjefen basert på prosentvis del av lønskostnader til merkantil tilsett på teknisk og til medarbeidar som jobbar med

² Kommunal og moderniseringsdepartementet: H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester

fakturering, fakturaprint og IT. Vidare blei 20% av fakturaen frå Brannvernssamarbeidet for administrasjon/førebyggande også sett opp som indirekte kostnad for feietenestene i 2016. Dette utgjer kr 51 023. Vurdering av kor mykje dei indirekte kostnadene utgjer, blir gjort kvart år av økonomisjefen i samarbeid med teknisk etat. Dette er dokumentert, men ikkje i samla oversikt.

Kapitalkostnader

Kommunen opplyser at dei ikkje har kapitalkostnader knytt til sjølvkostområdet feie- og tilsynstjenester.

Fond/memoriakonto

Sjølvkostfond ska ligge hos den som har gebyrinntektene. Kommune hadde ikkje sjølvkostfond eller memoriakonto knytt til sjølvkostområdet feieing og tilsyn ved inngangen til 2016.

I etterkalkylen for 2016 er det sett opp framførbart underskot på kr - 13 896. I følgje høyringssvaret frå rådmannen er dette etter råd frå revisjonen.

2.4 Revisor si vurdering

Vår undersøking viser at den direkte kostnaden som kommunen bereknar, er den same som kjøpssummen til Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS. Dette er i tråd med rettleiaren frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, H-3/14.

Kommunen gjer kvart år vurderingar av kva for indirekte kostnader som høyrer til sjølvkosttenesta. I Fyresdal blir delar av lønskostnader til relevante personar som utfører oppgåver i samband med feietenesta teken med som indirekte kostnader. Dette er etter vår vurdering i tråd med rettleiaren som seier at dei indirekte kostnadene skal reflektere kva som blir brukt av interne tenester for å bidra til ei heilskapleg teneste for brukarane.

Når kommunen nyttar del av kostnaden til Brannvernssamarbeidet for adm/førebygging som indirekte kostnad knytt til feietenestene er dette etter vår vurdering ikkje rett. Selskapet sjølv har fordelt sine administrasjonskostnader på ei to områda som kommunen blir fakturert for. Dette meiner vi er dokumentert i rapporten 433 006 Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark som er utarbeidd parallelt med denne rapporten.

Fram til no har kommunen ikkje operert med sjølvkostfond på feietenestene. Spørsmåla om kalkulatorisk rente og plan for bruk av fond blir dermed ikkje relevante her.

I sjølvkostkalkylen for 2016 er det vist til at kommunen får eit framførbart underskot på kr – 13 896. Om slike underskot seier rettleiaren (H-3/14) at:

..... eit negativt sjølvkostresultat (underskot) kan berre framførast mot framtidige overskot dersom gebyrområdet gjennom lov eller kommunestyrevedtak skal ha full kostnadsdekning.

Så lenge kommunen ikkje har slikt vedtak om full kostnadsdekning kan kommunen etter vår vurdering ikkje operere med framførbart underskot.

I følge brev av 06.05.08 frå Kommunal- og regionaldepartementet skal underskot frå sjølvkostregnskapet som ikkje kan dekkast ved bruk av sjølvkostfond, bli vist som ein del av kommunen sitt rekneskapsmessige meirforbruk, dersom kommunen i regnskapsåret ikkje har andre dekkande meirinntekter.

3 Konklusjonar og tilrådingar

3.1 Konklusjonar

Er kommunen si berekning av sjølvkost for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i 2016 i samsvar med reglar og retningslinjer?

Etter vår vurdering er sjølvkostberekninga i hovudsak i samsvar med reglar og retningslinjer, men kommunen kan ikkje operere med framførbart underskot på feietenesta så lenge ikkje kommunestyret har vedtatt full kostnadsdekning.

Berekninga av direkte kostnader i sjølvkostkalkylen er i tråd med Rundskriv H-3/14 *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester*.

Kommunen gjer vurderingar av kva for indirekte kostnader som kan knytast til sjølvkostområdet. Etter vår vurdering er del av denne berekninga ikkje rett.

Bruk av framførbart underskot er ikkje i tråd med regelverket. Slikt underskot kan berre dekkast av framtidige overskott dersom gebyrområdet gjennom vedtak i kommunestyret ska ha full kostnadsdekning. Slikt vedtak har ikkje Fyresdal kommune.

3.2 Tilrådingar

Vi meiner at kommunen bør

- ikkje ta med del av kostnadene til adm/førebygging i berekninga av indirekte kostnader for feietenestene.
- avklare i kommunestyret kva dekningsgrad sjølvkosttenesta skal ha, slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskot skal handterast i framtida, og
- slette framførbart underskot (memoriakonto) frå 2016.

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

- Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).
- Forskrift 15. juni 2004 nr. 905 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.
- Lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann og eksplosjonsvernloven)
- Forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging.

Bøker

- Frode A. Innjord (red.): Plan- og bygningsloven med kommentarer, Gyldendal Norsk Forlag, 2010

Rapportar

- Telemarksforskning: Selvkost i Volda kommune, TF-notat nr 7/2014

Offentlege dokument

- Rundskriv H-3/14 *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester* Frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, gjeldande frå 01.01.2015.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: *Regnskapsrapporteringen i KOSTRA – Veiledning – 2017*
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: *Veiledning til forskrift om brannforebygging* (2016)
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: *Temaveiledning til kapittel 4 i forskrift om brannforebygging* (2016)

Vedlegg

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmann

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Vedlegg 4: Sjølvkostkalkyle 2016

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmannen

Dag Oftung

Fra: Kjersti Bergland <kjersti.bergland@fyresdal.kommune.no>
Sendt: 16. oktober 2017 15:00
Til: Dag Oftung
Kopi: Ketil Kiland
Emne: Svar på rapporten sjølvkost på feietenester frå Fyresdal kommune.

Rådmannen og eg har diskutera rapporten og ynskjer å kome med fylgjande tilbakemelding:

Når det gjeld indirekte kostnader til feievesenet meiner vi at det er riktig å ta med administrasjonskostnader frå Vest Telemark Brannvesen.

Hadde vi hatt denne administrasjonen i eigen kommune ville kostnadene heilt klart vore med i indirekte kostnader og då ser vi ikkje kvifor det blir feil å ta med delar av kostnaden til Vest Telemark Brannvesen.

Dei direkte kostnadene, etter faktura frå Vest Telemark Brannvesen, gjeld bare den operative utførelsen av feietenesta.

Framførbart underskot er noko vi sette opp i sjølvkostnota for fyrste gong i 2016 etter oppfordring frå Telemark kommunerevisjon. Dette har vi ikkje operera med tidlegare og er heilt enig i at dette burde vi heller ikkje ha gjort i 2016.

Det er kommunestyret som fastsett gebyret for feietenesta kvart år i samband med budsjett og politikarane er fullt klar over at det ikkje er 100 % inndekning på tenesta.

Mvh
På vegne av rådmannen
Kjersti Bergland

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Lovheimel og lokale føresegner om gebyr

Kommunane har ikkje høve til å krevje betalt for lovpålagte tenester, utan at dette har heimel i lov. Gebyra på dei ulike kommunale tenestene har heimel i dei tilhøyrande lovene. Kommunestyret må sjølv gjere vedtak om nivået på gebyr, jf. kommuneloven § 6, jf. § 10 og § 45 og einskilde særlovreglar.

Gebyra for feiing har heimel i brann og eksplosjonsvernloven (§ 28), som gir kommunen rett til å krevje gebyr:

Departementet kan gi forskrifter om avgifter og gebyr til dekning av utgiftene forbundet med gjennomføringen av tilsynsmyndighetenes oppgaver etter denne loven.

Kommunestyret selv kan fastsette lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Om renteplikt ved for sen betaling av avgift eller gebyr ilagt i medhold av forskrift etter første og annet ledd gjelder lov 6. juni 1975 nr. 29 om eieendomsskatt til kommunane tilsvarende.

Krav på avgift eller gebyr etter paragrafen her er tvangsgrunnlag for utlegg, og kan innkreves av skatteoppkreveren etter reglene for innkreving av skatt.

Kommunane har høve til å fastsette lokale føresegner om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Gebyra må ikkje overstige kommunens kostnader til feietenestene.

Kostnadsdekning – berekning av sjølvkost

Kommunestyret i Fyresdal har ikkje gjort vedtak om i kor stor grad gebyrinntektene skal dekke utgiftene på ferietenester.

I følge kommuneloven § 23 nr. 2 skal rådmannen sjå til at saker til handsaming i kommunestyret er forsvarlig utgreidde. Dette inneber at rådmannen må sørge for ei forsvarlig utgreiing av dei forventa kostnadene på dei ulike sjølvkostområda.

I retningslinjer H-3/14 er definisjonen av sjølvkost *den totale kostnadsøkningen en kommune påføres ved å produsere en bestemt vare eller tjeneste*. Innanfor område der sjølvkost er satt som den rettslege ramma for brukarbetaling, må kommunen utarbeide ein sjølvkostkalkyle (for- og etterkalkyle). Dette for å føre kontroll med at gebyrinntektene ikkje er høgare enn kommunen sin sjølvkost.

Hovudprinsipp for sjølvkost:

- Sjølvkost er den totale kostnadsauka som en kommune/selskap har ved å produsere tenesta.
- En generasjon brukarar skal ikkje subsidiere eller bli subsidiert av neste generasjon.
- Overskot på sjølvkosttenesta bør som hovudregel vere tilbakeført i løpet av fem år.
- Sjølvkost skal vere uavhengig av korleis anskaffingane faktisk har blitt finansiert.
- Kommunen har plikt til å dokumentere sjølvkostberekningane.

Gebyr kan ikkje fastsetjast slik at dei samla overstig sjølvkost for den aktuelle tenesta. Når kommunen skal berekne sjølvkost, må kommunen finne dei meirkostnadene som kommunen har ved å yte sjølvkosttenesta.

Frå DSB veileder til forskrift

Forskrift om brannforebygging regulerer ikke hvordan et eventuelt gebyr skal innkreves. Det er opp til kommunen hvorvidt den ønsker å ha samme gebyrsats for alle, eller om man ønsker å differensiere størrelsen avhengig av hyppighet, fyringsanlegg, boligtype eller lignende. Kommunens samlede gebyrinntekter kan kun dekke de utgiftene kommunen har for å utføre tjenesten – det såkalte selvkostprinsippet. Det er kun anledning til å kreve gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Direkte kostnader

Hovudregelen er at kommunen alltid kan knytte direkte kostnader til den aktuelle sjølvkosttenesta. Direkte kostnader er arbeid, varer og tenester som blir brukt for å yte tenesta. I følgje rettleiaren for berekning av sjølvkost³ er det slik at dersom tenesta blir

³ Kommunal og moderniseringsdepartementet: H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester

kjøpt frå eit interkommunalt selskap (som til dømes Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark) vil kjøpsprisen inngå i kommunen sin sjølvkost som den direkte kostnaden. Dersom tenesta ikkje er kjøpt i konkurranse med andre, må selskapet dokumentere sjølvkost som grunnlag for kjøpsprisen.

Indirekte kostnader

Indirekte kostnader er delar av kostnader som i rekneskapen blir ført på andre funksjonar enn funksjonen for sjølvkosttenesta, i samsvar med definisjonane i KOSTRA-rettleiaren⁴. Det gjeld i stor grad funksjonen for administrasjon og funksjonen for kontroll og revisjon. Indirekte kostnader kan førast på sjølvkostområdet når interntenesta er med på å skape ei heilskapleg teneste for brukarane.

For å finne riktig del av dei indirekte kostnadene, skal kommunen bruke fordelingsnøklar. Det beste er å bruke fordelingsnøklar som er direkte knytte til kostnaden, til dømes tal på medarbeidarar i tenesta i forhold til alle tilsette i kommunen for å finne rett del av utgifter til personalbehandling, eller tal på PC-ar i høve til alle PC-ar i kommunen for å finne rett del av IT-utgiftene.

Kostnader knytt til administrativ leiging av kommunen og utarbeiding av avgjerdsgrunnlag for politisk leiging skal ikkje leggjast inn i sjølvkostkalkylen. Tenester som administrative leiarar yter til sjølvkostområdet skal fordelast og leggjast inn i sjølvkostkalkylen.

Retningslinene (H-3/14) viser dei mest relevante indirekte tenestene (interntenester), kva for kostnader knytt til desse tenestene som kan førast på sjølvkostområda, og kva for fordelingsnøkkel kommunen bør bruke.

Dersom kontoplanen ikkje er detaljert nok, eller dersom ein ikkje kan fastslå ønska fordelingsnøkkel, opnar retningslinene for å bruke sjølvkosttenesta sin prosentdel av brutto driftsutgifter

Kapitalkostnader

Kapitalkostnadene er knytte til bruk av eigne anleggsmidlar, og skal bereknast på grunnlag av dei investeringskostnadene kommunen faktisk hadde. Kommunen skal

⁴ KOSTRA-rettleiaren er gitt ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med KOSTRA-rapportering (kommune-stat-rapportering) til SSB. KOSTRA er statistikk om kommunar hos SSB.

berekne lineære avskrivningar⁵ av anlegga. Avskrivningane startar normalt året etter at investeringsprosjektet er ferdigstilt.

Kommunen skal også berekne ein rentekostnad for investeringskostnadene. Rettleiaren rår til å nytte rentekostnaden på 5-årig swaprente⁶ pluss eit tillegg på ½ prosentpoeng.

Handtering av overskot

I H-3/14, *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale tjenester* blir handtering av overskot/underskot omtalt. For alle sjølvkostområda skal kommunen sette av overskot frå sjølvkostrekneskapen til bundne driftsfond (sjølvkostfond). Eit negativt resultat (underskot) skal reknast mot sjølvkostfondet i den grad det er midlar på fondet. Eit negativt sjølvkostresultat (underskot) kan berre framførast mot framtidige overskot dersom gebyrområdet gjennom lov eller kommunestyrevedtak skal ha full kostnadsdekning. Kommunen kan framføre eit overskot frå sjølvkosttenesta til et seinare år (innanfor ein viss periode).

Sjølvkostfondet sin funksjon er å handtere svingingar i inntekter og kostnader mv. slik at gebyra kan vere stabile over tid. Kommunen skal ivareta sjølvkostprinsippet over tid, og kommunen skal sørge for at gebyrinntektene over tid ikkje overstig kostnadene for åra samla.

Kvart sjølvkostområde skal ha sitt eget sjølvkostfond. Midlar på eit fond for eitt gebyrområde kan ikkje nyttast (midlertidig) korkje i sjølvkostrekneskapen eller årsbudsjettet/årsrekneskapen til å finansiere årets underskot på eit anna gebyrområde. Sjølvkostfondet skal ikkje nyttast til finansiering av investeringar.

Kommunen skal rekne ut kalkulatoriske renter av sjølvkostfonda. Rentene skal syne alternativavkastninga som brukarane går glipp av ved at midlane er bundne opp i sjølvkostfond. Utrekningsgrunnlaget vil vere gjennomsnittlig behaldning for det

⁵ Lineære avskrivningar bereknar ein ved å ta investeringskostnaden og dele på forventa levetid for anleggsmiddelet. Anleggsmiddelet skal først i balansen med verdien av investeringskostnaden. Kvart år reduserer ein verdien av anleggsmiddelet med det faste beløpet, til anleggsmiddelet ikkje lenger har nokon verdi i rekneskapen. Avskrivninga blir ført som ein årlig kostnad i driftsrekneskapen.

⁶ Swaprente er rente for å bytte ei flytande rente med ei fastrente, eller omvendt. Veldig forenkla kan ein seie at swaprente er den fastrenta bankane betaler når dei har bytta bort flytande rente i marknaden.

enkelte år. Sjølvkostfondets kalkulatoriske renter er lik utrekningsgrunnlaget multiplisert med kalkylerenta.

For å ivareta generasjonsprinsippet må eit positivt sjølvkostresultat (overskot) vere tilbakeført til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år. Kommunen skal ikkje sette av midlar til eit sjølvkostfond same år som dei bruker av eit sjølvkostfond.

Retningslinene opnar for at kommunen kan ha eit lengre tidsperspektiv enn fem år. Kommunen må vurdere ut frå lokale forhold om det er faglig grunnlag for å strekke perioden for tilbakeføring av overskot ut over fem år. Kommunen må i slike tilfelle grunngi og dokumentere sitt val.

I følge brev av 06.05.08 frå Kommunal- og regionaldepartementet skal underskot frå sjølvkostregnskapet som ikkje kan dekkast ved bruk av sjølvkostfond, bli vist som ein del av kommunen sitt rekneskapsmessige meirforbruk, dersom kommunen i regnskapsåret ikkje har andre dekkande meirinntekter.

Vi legge desse revisjonskriteria til grunn for våre vurderingar:

- *Dei direkte kostnadene i sjølvkostkalkylen skal vere lik kjøpesummen for tenestene levert av Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS.*
- *Kommunen skal vurdere og berekne kva for indirekte kostnader som høyrer til sjølvkosttenesta.*
- *Kommunen skal handtere overskot/underskot på sjølvkosttenesta i tråd med retningslinene (H-3/14).*
- *Kommunen skal bruke sjølvkostfond til å dekke underskot på sjølvkosttenesta innan fem år.*
- *Kommunen skal berekne kalkulatoriske renter på avsette fondsmidlar.*

Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Den praktiske gjennomføringa

Forvaltningsrevisjonen starta med brev om oppstart til Fyresdal kommune 21. juni 2017. Det er ikkje halde oppstartsmøte, men rådmannen har peika ut kontaktperson for arbeidet.

Innsamling av data og rapportskriving har gått føre i perioden frå juli og fram til slutten av september.

Innsamling og analyse av data

Kontaktpersonen i kommunen har fått e-post med konkrete spørsmål om sjølvkost på feie og tilsynstenesta i kommunen. Avklaringar og oppfølgingsspørsmål har skjedd via e-post og telefon.

Vi har også sett på aktuelle dokument, som til dømes politiske vedtak.

Faktadelen til rapporten er sendt kontaktperson for verifisering.

Påliteleg og relevant

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast på ein måte som sikrar at innhaldet i rapporten er gyldig og påliteleg.

Påliteleg betyr at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mulig og at ein skal kunne få same resultat dersom undersøkinga vert gjort på nytt. Skriftlege kjelder er slik sett pålitelege og kan etterprøvast. Kontaktpersonen vi har fått opplysningar frå er sentral arbeidet med sjølvkost i kommunen.

Vi meiner at data som er henta inn frå kontaktpersonen og dokumenta vi viser til ovanfor er relevante og gyldige i høve til problemstillingane for prosjektet. Vi meiner vi har undersøkt dei forholda som problemstillingane skal avklare.

God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast og rapporterast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området, jf. forskrift om

revisjon § 7. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon⁷.

I følge RSK 001 skal forvaltningsrevisjon kvalitetssikrast, for at undersøkinga og rapporten skal ha naudsynt fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Telemark kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll – *ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester.*

Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med krava i RSK 001 og vårt kvalitetskontrollsystem.

⁷ Gjeldande RSK 001 er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre med verknad frå 1 februar 2011, og er gjeldande som god kommunal revisjonsskikk. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar som er fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

Vedlegg 4: Sjølvkostkalkyle 2016

Sjølvkostkalkylen for feietenester i 2016 ser slik ut:

Direkte driftsutgifter	368 025
Indirekte driftsutgifter	72 352
Kalkulatorisk rente	0
Kalkulatoriske avskrivningar	0
Andre inntekter	0
Gebyrgrunnlag	440 377
Gebyrinntekter	-426 481
Årets finansielle resultat	13 896
Avsett til sjølvkostfond	0
Dekning av framførbart underskot	0
Bruk av sjølvkostfond	0
Framførbart underskot	13 896
Resultat sjølvkost	13 896
Prosentvis sjølvkost	96,8 %